



Rolf Vallestad Sunde
Furuholtvegen 7
6906 FLORØ

Vår ref.:
25/6152 - 25/63537 / CIFÆ

Dykkar ref.:
45e6dddd-77c8-4dcf-ba8f-
03df4828e7d4

Dato:
03.12.2025

Svar på innsynskrav – tilsettingssak rektor Kinn kulturskule – delvis innvilga

Vi viser til innsynskrav datert 24.06.2025 om dokument knytt til tilsettingsprosessen for rektor ved Kinn kulturskule.

Kinn kommune gav avslag på innsynskravet i brev datert 25.06.2025. Avslaget vart påklaga, og Statsforvaltaren i Vestland oppheva kommunens vedtak i avgjerd datert 11.11.2025 (2025/10393). Statsforvaltaren konkluderte med at kommunen måtte gjennomføre ei ny, konkret og individuell vurdering av dokumenta innsynskravet omfattar, samt vurdere meirinnsyn etter offentleglova § 11.

Dette brevet er kommunen sitt nye vedtak etter opphevinga.

Kinn kommune har no gjort ei grundig, konkret og sjølvstendig vurdering av kvart enkelt dokument, i tråd med offentleglova §§ 3, 11, 13, 14, 25 og 29, samt forarbeida og praksis frå Statsforvaltaren og Sivilombodet.

Grunngjeving

Kinn kommune har vurdert innsynskravet etter offentleglova §§ 3, 11, 13, 14 og 25. Etter ei konkret og individuell vurdering får du delvis innsyn i dokumentasjonen.

Dokument det blir gitt innsyn i

Du får innsyn i følgjande dokument:

- Stillingsannonse
- Offentleg søkjarliste
- Tilsettingsprotokoll

Dette er dokument som er heilt eller delvis offentlege, og som ikkje inneheld opplysningar som er unnatekne etter offentleglova.

Dokument det ikkje blir gitt innsyn i

Dei øvrige dokumenta i tilsettingssaka kan ikkje offentleggjerast.

Møtereferat frå intervju inneheld vurderingar og personlege opplysningar om søkarar. Dette er opplysningar som er omfatta av teieplikt, og dokumenta fell klart inn under unntaket i offentleglova § 25 første ledd, jf. § 13 og forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1. Det same gjeld vurderingsnotat og andre interne vurderingar av søkarar, som utgjer delar av det interne avgjerdsgrunnlaget i tilsettingsprosessen. Unntaket i offentleglova § 25 første ledd er eit vidt unntak som fullt ut dekkjer denne typen dokument.

Utfylte intervjumalar inneheld individuelle vurderingar og personopplysningar, og er òg unnatekne etter offentleglova § 25 første ledd og § 13.

Korrespondanse mellom dei involverte i tilsettingsprosessen som inneheld vurderingar, drøftingar eller interne råd, er organinterne dokument som kan unntakast etter offentleglova § 14 første ledd, og fell i tillegg inn under unntaket for tilsettingssaker i § 25 første ledd. Det er difor ikkje høve til å gi innsyn i desse dokumenta.

Dokument som ikkje finst

Du har bede om innsyn i eventuelle habilitetsvurderingar. Kinn kommune har undersøkt saka, og det føreligg inga skriftleg habilitetsvurdering i denne tilsettingssaka.

Vurdering av meirinnsyn

Vi har vurdert om vi kan gi meirinnsyn etter offentleglova § 11, men har kome til at omsynet til personvernet veg tyngre enn omsynet til openheit i denne saka. Dokumenta som er unnatekne inneheld vurderingar, interne drøftingar og opplysningar om identifiserbare søkarar. Dette er opplysningar som ligg i kjernen av unntaket i offentleglova § 25, og som òg er omfatta av teieplikt etter offentleglova § 13. Etter ei samla vurdering er vi difor komne til at det ikkje er grunnlag for å gi meirinnsyn.

Klagerett

Då det er gitt delvis avslag kan avgjerda om avslag på innsyn i delar av dokumentasjonen klagast på etter offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet du mottek dette brevet.

Klaga bør nemne kva vedtak du klagar på, grunngjevinga for klagen og eventuelt kva for dokument eller opplysningar du ønsker innsyn i.

Dersom Kinn kommune opprettheld vedtaket etter ny vurdering, blir saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Klaga kan sendast på ein av følgande måtar:

- Kinn kommune, Postboks 294, 6701 Måløy
- eDialog
- post@kinn.kommune.no

Vi ber om at du oppgjev saksnummeret for innsynssaka i all vidare korrespondanse, slik at vi kan handsame saka di raskt og korrekt.

Helsing

Cicilie Færestrand
personalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Runa Nybakk

Vedlegg

Annonse Rektor Kinn kulturskule
Offentleg søkjarliste
Tilsettingsprotokoll